



Høyanger, 22.9.14

Arbeids- og sosialdepartementet
postmottak@asd.dep.no.

Høyringsuttale mot auka bruk av mellombels tilsetjingar

Vi viser til dep. si utsending av endringsforslag 25.6. og brev om utvida høyringsfrist datert 10.7.14.

Det er føreslått ei rekkje endringar av arbeidsmiljølova. Det ser ut til at den alvorlegaste er framleggget om auka mogleheter til mellombelse tilsetjingar. Dette vil legalisere nokre av dei lovbrota og den arbeidslivskriminaliteten som finst i dag når bedrifter brukar innleigde og mellombelse gjer arbeid innafor bedrifta si ordinære verksemد i ulike bransjar. For bedriftseigarar og kapitalinteresser er dette ein stor fordel.

Ulempa er det arbeidstakarane som får. For arbeidstakarane er dette eit tilbakesteg fordi det vil bety at færre får fast tilsetjing. For desse mellombels tilsette vil arbeidsdagen bli mindre trygg og føreseileg. Det vil også vere vanskelegare å få nødvendige lån til t.d. bustad. Utviding av mogleheit til mellombels tilsetjing betyr at fleire må bli lausarbeidrarar. Fordelen for eigarinteressene med dette er at mellombels stiller færre krav, godtek meir urettferd og er i mindre grad fagorganiserte. Desse lausarbeidarane vil utgjere eit B-lag i arbeidslivet.

Det er ikkje bevist at auka mogleheit til mellombelse tilsetjingar vil føre til fleire jobbar. Rein logikk tilseier at dersom meir arbeid skal utførast av mellombelse tilsette, er det mindre behov for fast tilsette. I Sverige er det omtrent dobbelt så mange mellombels tilsette (16 %) som i Noreg. Samtidig har landet dobbelt så mange arbeidslause og stor ungdomsarbeidsløyse. Svært mange svenske ungdomar kjem til Noreg for å arbeide.

På denne bakgrunnen vil LO Ytre Sogn krevje at lovframleggget blir trekt tilbake slik at gjeldande regel i arbeidsmiljølova § 14-9 (1) a) står ved lag: *"når arbeidets karakter tilser det og arbeidet atskiller seg fra det som ordinært utføres i virksomheten"*. I staden for legalisering av det som dessverre finst av den motsette og ulovlege praksisen, burde regjeringa styrka Arbeidstilsynet si mogleheit til å følgje opp at denne paragrafen i gjeldande arbeidsmiljølov blir etterlevd.

Med helsing
LO i Ytre Sogn

Astrid Refsdahl
Astrid Refsdahl, leiar

LO i Ytre Sogn

v/ Astrid Refsdahl
Johan Murer gate 3a
6993 HØYANGER

Leiaren sin mobiltlf.: 412 25 423

E.post-adr.: astrid.refsdahl@hydro.com

Nettside: